

Referat:

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Aslak O. Brimi under sak 71, 74,
75 og 76), Tor Stallvik,
Åshild Vetrhus, - 1.vara (under sakene 71, 78 og 79) , Tove
Leinslie - 2.vara, Kenneth de Gala - 3.vara (under sakene
73,77,78,80).
Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, Anbjørg Myhra Bergwitz,
Marit Vestrum under sakene 72-75 og 77. Andreas Ljones under
sak 77.

Tid: Torsdag 8.november kl. 10-16, fredag 9.november kl 09-15.

Stad: Schous

Sakliste

- | | |
|-------------------------|---|
| Styresak 2012/65 | Innkalling og sakliste |
| Styresak 2012/67 | Søknad om støtte til bokutgjeving "Flatlandspelet" |
| Styresak 2012/68 | Søknad om støtte til folkemusikk- og dansehelg i Suldal |
| Styresak 2012/69 | Søknad om støtte til rekrutteringsprosjekt frå Elverum danselag |
| Styresak 2012/70 | Møteplan 1.halvår 2013 |
| Styresak 2012/71 | Framlegg til grafisk profil |
| Styresak 2012/72 | Søknad om medlemsskap frå Spelemannslaget Landslaget for spelemenn |
| Styresak 2012/73 | Rammeplan for studiearbeidet i musikkorganisasjonane |
| Styresak 2012/74 | Revidering av dommarskjema Landskappleik |
| Styresak 2012/75 | Revidering av tevlingsreglementet |
| Styresak 2012/76 | Bør bladet Folkemusikk verte medlemsblad? |
| Styresak 2012/77 | Tiltak etter Dansearven - to framlegg:
a) Å bryte ut i dans
b) Kulturskole i SFO |
| Styresak 2012/78 | Revidering av handlingsplan - fyrste drøfting |
| Styresak 2012/79 | Folkelarm vegen vidare |
| Styresak 2012/80 | Eventuelt |

Styresak 2012/65 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2012/66 Orienterings- og referatsaker

- a) Rekneskap per 30.09.12 med kommentarar
- b) Driftsrapport per 30.10.12
- c) Fredskonsert
- d) Representantskapsmøte
- e) Framlegg frå Førdefestivalen om spelejobb for vinnaren av lagspel/gruppespel på Landsfestivalen.
- f) Årboka – på grunn av sjukdom i administrasjonen, treng vi å engasjere ny redaktør av årboka.
- g) Sondre Trondhjems spelemannslag –varslet sak.
- h) Førespurnad frå RFF om listeføring immateriell kulturarv.
- i) Eventuelt

Vedtak: Orienterings- og referatsakene vert teke til orientering.

- a) Til orientering
- b) Til orientering
- c) Tveiten tek kontakt med Knut Blikberg, og får meir informasjon. FolkOrg si rolle vart drøfta.
- d) Det vart orientert om Representantskapsmøtet for RFF.
- e) Dette står vi og får meir informasjon om. Vi føresett at det er eit betalt oppdrag på ordinære vilkår.
- f) Vi går i vidare dialog med John Ole Morken, som får tilbod om å bli redaktør for årboka.
- g) Styreleiar og dagleg leiar orienterte om saken. Styret vedtek at vi gjer beskjed om det same som i vedtak frå AU-møte 2012/06.
- h) Administrasjonen legg ut sak om listeføring av immateriell kulturarv på folkemusikk.no. Vi oppmodar lokalmiljøa til å byrje ein prosess.
- i) Lindemannsprisen . Ingen som var til stades under styremøtet kunne delta. Vi bør vere representert. Dagleg leiar sjekkar med Jorun Hagen og Erlend Viken.

Styresak 2012/67 Søknad om støtte til bokutgjeving "Flatlandspelet"

Vedtak: FolkOrg gir ikkje stønad til bokutgjevinga "Flatlandspelet". FolkOrg går gjennom retningsliner for stønader og kor mykje som eventuelt skal settast av i samband med budsjett 2013.

Styresak 2012/68 Søknad om støtte til folkemusikk- og dansehelg i Suldal

Vedtak: FolkOrg gir kr 6000 i stønad til folkemusikk- og dansehelg i Suldal.

Styresak 2012/69 Søknad om støtte til rekrutteringsprosjekt frå Elverum danselag

Vedtak: Elverum danselag får kr 6000 i stønad til rekrutteringstiltak.

Styresak 2012/70 Møteplan 1.halvår 2013

Vedtak:

Møteplan for styret i FolkOrg våren 2013

24.-25.januar

21.mars

30.mai

Styresak 2012/71 Framlegg til grafisk profil

Administrasjonen la fram framlegg til grafisk profil.

Vedtak:

Framlegg til grafisk profil vert godkjend

Styresak 2012/72 Søknad om medlemsskap frå Spelemannslaget Landslaget for spelemenn

Vedtak:

Alle medlemmer i eit lokallag skal vera medlemmer i FolkOrg. For å verta endeleg godkjent som medlemslag lyt spelemannslaget ta bort setninga «Styret kan gjør unntak i spesielle tilfeller» i paragraf 2.2. om medlemskap i FolkOrg.

FolkOrg ynskjer å vera ein inkluderande organisasjon og ynskjer Spelemannslaget Landslaget for Spelemenn velkommen som medlemslag sjølv om ein ser at namnevalet kan skapa forvirring og virka uheldig.

Styresak 2012/73 Rammeplan for studiearbeidet i musikkorganisasjonane

Vedtak:

*Forslag til prosess i høve ferdigstilling av rammeplana for studiearbeidet i FolkOrg vert godkjend.
Endeleg vedtak av plana vert delegert til AU.*

Styresak 2012/74 Revidering av dommarskjema Landskappleik

Vedtak:

Styret vedtek at dommarskjemaet i dans skal vera ferdig revidert før Landskappleiken 2013 og dommarskjemaet i spel skal vera ferdig revidert før Landskappleiken 2014. Forslag på namn til arbeidsgruppa som skal revidera dommarskjemaet i dans:

Siri Mæland

Ingar Ranheim

Tor Stallvik

Reserve: Martin Myhr

Styresak 2012/75 Revidering av tevlingsreglementet

Vedtak:

Tevlingsreglementet for tevlingar i regi av FolkOrg skal reviderast med omsyn på innspela og kommentarane som kom fram i høve avviklinga av årets Landskappleik og Landsfestival.

Styremedlem Aslak Brimi vert med på denne prosessen fram mot eit revidert utkast som skal leggjast fram for styret fyrste styremøte i 2013.

Styresak 2012/76 Bør bladet Folkemusikk verte medlemsblad?

Vedtak: FolkOrg byrjar ei større evalueringssarbeid av bladet Folkemusikk og organisasjonens informasjonsarbeidet generelt i løpet av 2013. Administrasjonen lager eit framlegg til ein prosess og kjem attende til styret med det.

Styresak 2012/77 Tiltak etter Dansearven – to framlegg:

a) Å bryte ut i dans

Vedtak: FolkOrg jobber videre med konseptet, og drøfter saken med Noregs Ungdomslag og andre relevante samarbeidspartnere.

b) Folk i SFO

Vedtak: FolkOrg jobber videre med konseptet, og drøfter saken med andre relevante samarbeidspartnere.

Styret oppfordrast til å kome med innspel til andre idear for tiltak for dans, som administrasjonen kan arbeide vidare på.

Styresak 2012/78 Revidering av handlingsplan – fyrste drøfting

Vedtak: Styret oppmodas til å kome med innspel til handlingsplan i perioden fram mot neste styremøte. Vi sender ei oppmoding til laga om å kome med innspel. Administrasjonen kjem med nytt framlegg til neste styremøte, der det vi ser på antatt ressursbruk.

Styresak 2012/79 Folkelarm vegen vidare

Vedtak: FolkOrg arrangerer eit seminar om framtida til Folkelarm 7.januar på Riksscenen i Oslo, der rapporten vert lagt fram og drøfta.

Styresak 2012/80 Eventuelt

Innspel til styrerepresentanter til Musikkens studieforbund og Norsk musikkråd

Kandidatar til Norsk musikkråds styre:

Administrasjonen tek kontakt med dei personane det vart gjort framlegg om i møtet.

Kandidatar til styret i Musikkens studieforbund:

Administrasjonen tek kontakt med dei personane det vart gjort framlegg om i møtet.